

Aktuelle øvingar på privatisteksamen

Fag: REA3006 fysikk 2

Informasjon

Alle måla i læreplanen er utgangspunkt for kva du kan blir spurt om på eksamen

Nedanfor finn du ei liste over kva som kan vere aktuelt som det praktiske innslaget på eksamen.

Du må vere budd på å bli eksaminert i variantar av øvingane du finn på liste. Det vil bli lagt vekt på at du kjenner utstyret og kan gjere greie for det som skjer.

Relevante tabellar og formlar vil vere tilgjengelege på eksamen.

Liste over aktuelle øvingar

1. Retninga på krafta til straumleiar i magnetfeil

- Kunne bruke straumleiar mellom hesteskomagnet
- Finne retninga på krafta når vi varierer straumretning og magnetretning
- Setje opp ein regel for å finne retninga på krafta til straumleiar i magnetfelt

2. Indusert spenning

- Måle den induserte spenninga som oppstår når vi slepp ein magnet igjennom ein spole med dataloggar eller liknande.
- Få fram og tolke grafen over den induserte spenninga.

3. Bevaring av bevegelsesmengde

- Bruke enkle hjelpemiddel som ball og liknande til å utføre forsøk med bevelsesmengde.
- Avgjere om bevegelsesmengda er bevart.

4. Skrått kast

- Gjennomføre eit skrått kast.
- Berekne kastet ut i frå formlane og sjå om dei stemmer.

5. Kjeglependel

- Bruke kraftmålar, knapp og svingane pendel.
- Berekne sentripetalakselerasjon og sjå om kraftmålaren viser riktig i forhold til berekningane.

6. Måling av Planck-konstanten

- Bruke fotocelle og utnytte den fotoelektriske effekten til å skaffe data.
- Teikne graf på bakgrunn av dataa og bruke han til å finne Planck-konstanten.

7. Digital lyd

- Kunne bruke lydediteringsprogram.
- Endre på lyden ved hjelp av lydediteringsprogrammet og forklare kva som skjer.